

Framgangsmåtar målaravlesning

Har du fått ny smartmålar (AMS), skal du ikkje lenger lese av målareren din. Vi har kommunikasjon med han, og hentar målarstanden sjølv. Du får tilsendt forbruksdata kvar time, uansett om du er heime eller bortreist.


Har du enno ikkje fått deg AMS-målar, må du passe på å lese av regelmessig. Du kan melde inn målaravlesning på ulike måtar. Ha alltid kundenummer, målarnummer og målarstand tilgjengeleg.

1. Logg inn på Di side
2. Send SMS til 2258

1) Logg inn på Di side



Målaravlesning finn du midt på sida



Avlesing omfattar 3 eller 4 steg. Har du fleire enn ein målar må du først velge målar. Legg inn stand og trykk «neste».



Alle avlesingar som kjem inn til systemet blir testa mot eit forventa forbruk. Dersom forbruket ligg mykje over/under, får du melding om å sjekke på nytt. Dersom forbruket ser ok ut, går du vidare ved å trykke «neste».

Målaravlesing

1 Målaravlesing 2 Bekreft målaravlesing 3 Kvittering

Bekreft målaravlesing

Bolig- (██████████)
██████████
6011 ÅLESUND

Dagens avlesing

Målaravlesing:	112546 kWh
Avlese dato:	26.10.2016
Forbruk:	-21968 kWh (sidan siste avlesing 01.10.2016)

Forrige avlesing

Målaravlesing:	134514 kWh
Avlese dato:	01.10.2016
Avlesingsmåte:	Elektronisk overførsel

« Gå tilbake

Avbryt

Bekreft målaravlesing

I steg 2 får du høve til ein siste kontroll før du sender inn standen. Du kan sjå avlesinga di, og samanlikne denne med forrige avlesing. Bekreft og send inn ved å trykke «Bekreft målaravlesing»

Målaravlesing

1 Målaravlesing 2 Bekreft målaravlesing 3 Kvittering

✓ Registreringa var vellukka! Du får om kort tid ein e-post med stadfesting av målaravlesinga.

Kvittering på målaravlesing

Bolig- (██████████)
██████████
6011 ÅLESUND

Dagens avlesing

Målaravlesing:	112546 kWh
Avlese dato:	26.10.2016
Forbruk:	-21968 kWh (sidan siste avlesing 01.10.2016)

Forrige avlesing

Målaravlesing:	134514 kWh
Avlese dato:	01.10.2016
Avlesingsmåte:	Elektronisk overførsel

« Di Side

Skriv ut

I steg 3 ser du kvittering på standen du har sendt inn. Denne kjem på epost, og du kan ta ei utskrift dersom du ønskjer det.

2) Send SMS

Få SMS-teneste

SMS-tenesta er gratis, og sendast til 2258. Dersom du får SMS-påminning om målaravlesning er tenesta aktiv for ditt abonnement. Du kan du melde deg på tenesta ved å sende følgjande SMS til 2258: «MN REG kundenummer målarnummer» (Klammene skal ikkje vere med. SMS'en skal ikkje innehalde spesialteiken, berre bokstavar, mellomrom og tal. Kunde- og målarnummer omfattar tal).

Eksempel: MN REG 983452 600435

Stopp SMS-teneste

Du kan stoppe tenesta ved å sende følgjande SMS til 2258: "MN STOPP kundenummer målarnummer" (Klammene skal ikkje vere med. SMS'en skal ikkje innehalde spesialteiken, berre bokstavar, mellomrom og tal. Kunde- og målarnummer omfattar tal).

Eksempel: MN STOPP 983452 600435

Sende inn stand på SMS

Du brukar ulik metode avhengig av om du har ein eller fleire målarar knytt til same mobilnummer.

a) Du har SMS-teneste og ein målar

Har du ein målar knytt til eitt abonnement, sender du følgjande melding til 2258: «MN målarstand» (Klammene skal ikkje vere med. Meldinga omfattar 2 bokstavar, eitt mellomrom og siffer i målarstand).

Eksempel: MN 32453

b) Du har SMS-teneste og fleire målarar

Har du fleire målarar knytt til same mobilnummer, må du oppgi kva målar du rapporterer for. Send følgjande SMS for kvar av målarane til 2258: «MN målarnummer målarstand» (Klammene skal ikkje vere med, meldinga omfattar 2 bokstavar, eitt mellomrom, siffer i målarnummer og siffer i målarstand)

Eksempel: MN 519999 32453